



Rådmannen  
Besøksadresse: Rådhuset Knarvik  
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310  
5020 BERGEN

Dykkar ref. Sakshandsamar:  
Anne Wergeland

Vår ref. Telefon  
2011/1930 - 0 - 56375141  
7876/2012

Arkivkode: Dato:  
A20 28.03.2012

## Tilsyn etter Opplæringslova kapittel 9a, Lindås kommune

Hausten 2011 gjennomførte Fylkesmannen i Hordaland tilsyn i Lindås kommune, knytt til kapittel 9a i Opplæringslova. Tilsynet vart gjennomført ved Alversund skule og Knarvik ungdomsskule i perioden 20.09.2011 til 01.12.2011.

Lindås kommune vil med dette melde tilbake til Fylkesmannen at det i etterkant av tilsynet har vore arbeidd godt på begge skulane. Lindås kommune vurderer det slik at dei omtalte tilhøva er retta. Korleis dette er gjort på skulane, vert skildra under.

### **Alversund skule:**

I tilsynsrapporten knytt til Alversund skule varsla Fylkesmannen om følgjande pålegg:

#### **Det individuelt retta arbeidet ved skulen**

Opplæringslova § 9a-3 andre ledd:

Lindås kommune skal sjå til at dei tilsette ved Alversund skule handterer krenkjande åtferd dei har kunnskap/mistanke om. Lindås kommune må i denne samanhengen sjå til at Alversund skule sikrar at alle tilsette grip inn overfor krenkande åtferd dei får kunnskap om.

Opplæringslova § 9a-3 tredje ledd:

Lindås kommune skal sjå til at Alversund skule behandler oppmodingar om tiltak ved å gjere enkeltvedtak etter reglane om dette i forvalningslova. Lindås kommune må i denne samanhengen sjå til at Alversund skule fattar enkeltvedtak når skulen får oppmodingar om å setje i verk tiltak.

### **Tiltak som er sett i verk ved Alversund skule**

#### **1. Handlingsplikta – handtering av hendingar**

Leiinga ved skulen har vore oppteken av å involvere heile personalet i det vidare arbeidet og har på planleggingsdag i januar utarbeidd tre tiltak som skal sikre at handlingsplikta blir følgd opp på ein måte som er i samsvar med Opplæringslova:

1. Bevisstgjering i personalet gjennom diskusjonar og refleksjon rundt tema/situasjonar knytt til handlingsplikta
2. Utvikle instruks i høve handlingsplikta
3. Internkontroll

Ut frå desse tre tiltaka har skulen justert systemarbeidet i Retningslinjer og rutineskildring for systematisk arbeid med eit godt skolemiljø etter Opplæringslova §9a.

For å sikre at intensjonane bak handlingsplikta blir følgd opp i det daglege arbeidet, har Alversund skule utarbeidd ein handlingsplakat (instruks) for dei tilsette. Handlingsplakaten tar utgangspunkt i "Systematisk *tilsyn og veiledning*" som er eit opplegg utarbeidd av Afferdssenteret i Stavanger.



Dei tre hovudkomponentane på Handlingsplakaten er:

- *Bevegelse og scanning*
- *Positiv involvering og oppmuntring*
- *Handtere problemåtferd og varsling*

Det er og utarbeidd eit eige hefte for tilsette, som gir ei meir utdstrupande forklaring på punkta i Handlingsplakaten. Handlingsplakaten skal vere lett tilgjengeleg for nytilsette og vikarar, og skal gjennomgåast ved skulestart kvart år. Leiinga ved skulen vil følgje opp handlingsplakaten i felles personalmøte ved oppstart av kvart semester, i lærarteam og assistentmøte kvart kvartal samt ved gjennomføring av internkontroll kvart halvår. I fall leiinga ved skulen får kjennskap til at ein tilsett ikkje følgjer handlingsplikta, skal det bli tatt opp med vedkomande og ved behov for rettleiing vil det bli starta opp utan ugrunna opphald. Nye tilsette ved skulen i løpet av skuleåret skal få handlingsplikta og handlingsplakaten presentert i første samtale med leiinga. Her skal også forventningar til vaksenrolla ved skulen bli presentert og diskutert.

## **2. Handtering av oppmoding om tiltak**

Alversund skule har frå november 2011 endra rutinane sine knytt til det å fatte enkeltvedtak etter Opplæringslova 9a- 3 tredje ledd. Føresette som tek kontakt med skulen om tilhøve som kjem inn under Opplæringslova §9a, skal bli informert om retten til å be om enkeltvedtak. I fall føresette ber om dette, skal det fattast enkeltvedtak av rektor.

Før enkeltvedtaket blir fatta, skal det gjennomførast ei konkret undersøking av dei faktiske tilhøve i saka. Dette for å få eit tydleg bilde av situasjonen og for å avklare eventuelle mistydingar. Det skal i denne fasen også gjennomførast samtalar med dei impliserte partar. I enkeltvedtaket skal det vurderast om eleven sine rettar etter Opplæringslova blir ivaretatt eller ikkje. I fall konklusjonen er at eleven sine rettar ikkje er ivaretatt, skal enkeltvedtaket innehalde ei vurdering og konklusjon i høve tiltak som blir det sett i verk. Tiltaka skal stå tydeleg skildra i enkeltvedtaket, i tillegg kor lenge tiltaka skal vare, når dei skal evaluerast og kven som har ansvar for at tiltaka blir gjennomført og evaluert. Føresette skal ta del i evalueringssarbeidet.

Sidan rutinane blei endra, har Alversund skule fatta 8 enkeltvedtak etter Opplæringslova §9a. Skulen legg vekt på å fatte vedtak raskt og innan "rimelig tid".

### **Knarvik ungdomsskule:**

I tilsynsrapporten knytt til Knarvik ungdomsskule varsla Fylkesmannen om følgjande pålegg:

#### **Førebyggjande arbeid og internkontroll - §9a-4, jf. §9a-3 første ledd**

Lindås kommune må sjå til at Knarvik ungdomsskule arbeider aktivt, systematisk og kontinuerleg for å fremje eit godt psykososialt miljø og hindre at det oppstår krenkjande åferd. Lindås kommune må i denne samanheng sjå til at Knarvik ungdomsskule kan dokumentere skriftleg det systematiske og planmessige arbeidet med å sikre elevane eit godt psykososialt miljø, har nedfelt skriftleg kven som har ansvaret for å gjennomføre tiltaka knytt til det førebyggjande arbeidet, har skriftlege rutinar for å evaluere arbeidet med skolemiljøet samt kan dokumentere at evaluering av planar og rutinar blir gjennomført.

#### **Det individuelt retta arbeidet ved skulen**

Lindås kommune må sjå til at Knarvik ungdomsskule behandler oppmodingar om tiltak ved å gjere enkeltvedtak etter reglane om dette i forvaltningslova. Lindås kommune må i denne samanheng sjå til at Knarvik ungdomsskule tek stilling til eleven sin rett etter §9a-1 når skulen gjer vedtak samt utformar konkrete tiltak i vedtaket og grunngjев desse.

### **Tiltak som er sett i verk ved Knarvik ungdomsskule**

#### **1. Førebyggjande arbeid og internkontroll**

Skulen har revidert plan for psykososialt miljø ved Knarvik ungdomsskule. I revidert plan kjem det tydeleg fram kven som har ansvar for å gjennomføre tiltak, rutinar knytt til det psykososiale arbeidet ved skulen er skildra samt kontrollpunkt for gjennomføring av internkontroll. Det er etablert rutine for førebyggjande tiltak og systemarbeid, rutine for å

avdekke brot på §9a, samt rutine knytt til ulike fasar når skulen har fått melding om /kjennskap til brot på elevane sine rettar etter kapittel 9a i Opplæringslova. Internkontrollsystemet legg opp til enkel registrering av gjennomføring og evaluering av tiltaka, ved å føre inn dato m/signatur for gjennomføring i systemet. Revidert plan for systematisk arbeid med elevane sitt skolemiljø er sendt ut til alle tilsette. Her er det skildra rutine for å gå gjennom planen med alle tilsette ved skulestart i august, korleis føresette blir informert om planen, elevane sine rettar til etter §9a i Opplæringslova samt skulen sitt meldeskjema om ein elev opplever brot på denne retten. Trivnad og psykososialt miljø skal vere tema i alle utviklings- og elevsamtalar i løpet av skuleåret. Rektor skal gjennomføre internkontroll i høve Opplæringslova §9a. Skulen har dei seinare åra brukt programma ART, MOT og Smil&Stil, og skal gjennomføre evaluering av dette kvart halvår. I tillegg skal evalueringa femne om inspeksjonsrutinane til skulen og skolemiljøet generelt. Her skal ein mellom anna gjere bruk av resultat frå Elevundersøkinga. Ansvarspersonar er skildra i revidert plan. I revidert plan for systematisk arbeid med elevane sitt skolemiljø blir det skildra korleis skulen vil arbeide systematisk for å avdekke, undersøkje og følgje opp brot på elevane sine rettar etter §9a i Opplæringslova. I planen blir det lagt vekt på å bruke elevsamtalar og utviklingssamtalar som målepunkt, ved at trivsel og ev. krenking skal vere tema i alle samtalane. I høve til inspeksjon, skal vaksne ved Knarvik ungdomsskule som får mistane om brot på ein elev sine rettar etter §9a i Opplæringslova, straks melde dette til kontaktlærar. Kontaktlærar melder bekymringa vidare til rektor, og det blir avtalt vidare undersøking av saka. Rektor vurderer funn frå undersøkinga og skriv ev. enkeltvedtak.

## 2. Det individuelt retta arbeidet ved skulen

Knarvik ungdomsskule har endra rutine og utforming i høve enkeltvedtak etter §9a i Opplæringslova. Ved mistanke om /melding om brot på ein elev sine rettar etter §9a, vert det straks sett i verk undersøking og observasjon av dei faktiske tilhøva i saka. Det blir i denne fasen også gjennomført samtalar med elevar og føresette, knytt til den eleven som opplever krenking og elev som det er mistanke om utfører/utfører krenking.

Ny mal for enkeltvedtak etter §9a ved Knarvik ungdomsskule inneholder ei vurdering av om eleven sine rettar etter §9a er ivaretake. I fall skulen etter undersøking av dei faktiske tilhøva i saka finn at denne retten ikkje er ivaretake, inneholder nye enkeltvedtak ved skulen oversyn over tiltak som blir sett i verk samt grunngjeving for dette. Alle tiltak skal utformast konkret, slik at dei god oversyn over kva som faktisk blir sett i verk frå skulen si side.

Lindås kommune vurderer at dei omtalte tilhøva etter tilsyn frå Fylkesmannen ved Alversund skule og Knarvik ungdomsskule er retta, og vonar skildringa av korleis dette har blitt gjennomført på skulane, har gitt Fylkesmannen tilstrekkeleg informasjon. I fall noko er uklårt, ber vi om at Fylkesmannen tek kontakt med fagsjef for grunnskule.

Med helsing

---

Kåre Jordal  
assisterande rådmann

---

Kristin Moe  
Fungerande fagsjef  
grunnskule

Vedlegg:

Alversund – Svarbrev tilsynsrapport 2012

Alversund – V1 – Retningslinjer og rutineskildring skolemiljø §9a Alversund

Alversund – V2 – Handlingsplikta plan

Alversund – V3 – Handlingsplakaten ny

Knarvik u – Følgjeskriv

Knarvik u – Revidert plan for psykososialt arbeid for elevar og tilsette ved Knarvik ungdomsskule